

Arkivreferanse: 2021/8135
Ansvarleg direktør: Øyvind Bakke
Saksbehandlar: Hege Hegle

SAKSFRAMLEGG

Saksnummer Møtedato Utval

Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Vedtak - Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal 2023-2026.

Vedlegg

- 1 Sak 54-22 - Vedlegg 1 - Utviklingsplanen 1.0 - 150622**
- 2 Sak 54-22 - Vedlegg 2 - Leveranse - Framskrivning aktivitet og bemanning. Sak 16-22-2**
- 3 Sak 54-22 - Vedlegg 3 - Føringar og organisering av arbeidet. Sak 16-22-3**
- 4 Sak 54-22 - Vedlegg 4 - Drøftingsprotokoll - Informasjon om utkast til utviklingsplan 2023 - 2026. Sak 16-22-4**
- 5 Sak 54-22 - Vedlegg 5 - Drøftingsprotokoll - Styresak 54-22 - Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF 2023 - 2026**

Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtar Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal 2023-2026.

Ålesund, 15.06.22

Øyvind Bakke
adm. direktør

Saksframlegg

Vedlagt til saka følger utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal 2023-2026

Utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal 2023-2026 er ein revisjon av utviklingsplanen frå 2018. Planen skal beskrive korleis verksemda må utviklast for å møte framtidige behov i spesialisthelsetenesta i eit 4- og 15-årsperspektiv. Den skal peike på ønska utviklingsretning for helseføretaket og der målet er å gjere føretaket best mogleg rusta til å møte befolkninga sitt framtidige behov for spesialisthelsetenester.

Utviklingsplanen er det øvste strategiske dokumentet i HMR og må understøttast av meir detaljerte planar innanfor ulike fagområde. Planen må og sjåast i samanheng med langtidsbudsjettet slik at strategi og budsjett heng saman. Perspektivet er å sjå føretaket under eitt, der utgangspunktet er allereie vedtekne planar og etablerte funksjonar.

Arbeidet med revidert utviklingsplan er gjort i tråd med den regionale planen for arbeidet med utviklingsplanar, og dei premissa som er gitt for planarbeidet (vedlegg 2). Det har vore eit godt og koordinert samarbeid mellom Helse Nord-Trøndelag, St. Olavs hospital og Helse Møre og Romsdal i prosessen.

I sak 2021/8131 vedtok styret i Helse Møre og Romsdal at utkastet til Utviklingsplan 2023-2026 skulle sendast på høyring. Planen blei sendt til eit større tal interessentar, mellom anna brukar- og arbeidstakarorganisasjonar og kommunar i fylket. I tillegg blei planen sendt på ein ekstra høyringsrunde internt.

Høyringsrunden resulterte i 15 høyringssvar. 9 eksterne og 6 interne.

[Høringsuttalelser HMR - Alle dokumenter \(helse-midt.no\)](https://helse-midt.no)

Samtlege høyringssvar er behandla og relevante innspel er innarbeidd i dokumentet. Hovudbiletet er at prioriteringane og retninga frå høyringsutkastet står seg, samtidig som majoriteten av innspela har resultert i nokre forbetringar og presiseringar.